


KOMMUNE-REFORM

i Sunnfjord, Gloppen og Hafs

- Sikre gode tenester med høg kvalitet
- Utvikle eit nytt, sterkt vekstområde mellom Bergen og Ålesund
- Vere drivkraft og fylkessenter



Målet med reforma er

- gode og likeverdige tenester til innbygarane
- heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- berekraftige og robuste kommunar
- styrka lokaldemokrati

Innan sommaren 2016 må alle kommunane i landet ha tatt stilling til spørsmålet om å stå aleine, eller slå seg saman med ein eller fleire av naboane sine.

I Sunnfjord-regionen har 9 kommunar bestemt seg for å saman vurdere ulike samanslåingsalternativ. Dei ni kommunane er Flora, Naustdal, Førde, Gaular, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Jølster og Gloppen. Samstundes vert det utgreidd eit HAFS-alternativ der også Solund er med i tillegg til Fjaler, Askvoll og Hyllestad.

Følgjande fire alternativ skal utgreiast:

- Ein stor kommune bestående av alle ni kommunane
- Kommunane Flora, Naustdal, Førde, Gaular og Jølster
- Ein kommune der Naustdal, Førde, Gaular og Jølster går saman
- Ein kommune for Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund.

Viktige tidspunkt:

- 22. mai 2015 Felles formannskapsmøte
- 01. juli 2015 Den enkelte kommune skal ha gjort vedtak om kva alternativ ein ynskjer arbeide vidare med
- Haust 2015 Felles formannskapsmøte
- Vår 2016 Innbyggjarhøyring
- 01. juli 2016 Kommunane skal ha gjort endeleg samanslåingsvedtak
- 01. januar 2020 Ny kommune er i funksjon.

For meir informasjon – sjå den enkelte kommune si heimeside eller fellessida prosjektsunnfjord.no